

ULVIK HERAD



Årsmelding Ulvik herad 2019

Innhold

1) Rådmannens innleiing	2
2) Årsberetninga sitt føremøn	5
3) Drift og økonomi	6
Status drift og måloppnåing på ansvarseiningar	6
200-210 – stab, rådmann og politisk	6
220 – barnehage	11
230 – undervisning	14
240 – helse og omsorg og 270 NAV	20
280 – Teknisk leiar	23
281 – Brann	27
282 – VA	28
283 – Bygg og vedlikehald	29
4) Organisasjon	30
5) Økonomi	33
Rekneskapsoversikt	33
Økonomisk oversikt drift	33
Økonomisk oversikt investering	34
Balanse	35
Rekneskapsskjema 1A og 1B	36
Budsjettavvik drift	37
Investeringar	38
Rekneskapsskjema 2A og 2B	38
Rekneskapsresultat	40
Balanserekneskap	42
Finansforvaltning	46
Nøkkeltal	48
Kostra	48

1) Rådmannens innleiing

TILBAKEBLIKK PÅ 2019 – SLIK RÅDMANNEN SER DET

2019 har vore året då Ulvik herad har gjennomført si største investering nokon gong, ved bygging av nye Ulvik omsorgstun. Det var stor stas å kunne ta i bruk dette nye praktbygget i desember, kort tid før jul. Det vart gjennomført namnekonkurranse med god deltaking og ein vinnar vart kåra gjennom politisk vedtak. Opninga vart markert med talar og heider, omvisning, kaffi og kaker. Vinnaren av namnekonkurransen vart og gjort stas på og har fått plakett på veggen i foajèen. På tampen av året ser det ut til at heile byggeprosjektet har kosta mindre enn budsjettet, noko som kjem godt med i år me står framfor.

I juni hadde me stortfint besøkt. HM Kongen og Dronningen besøkte ei rekke Hardanger-kommunar, mellom anna Ulvik. Medan Kongeskipet «Norge» låg til anker i Ulvikafjorden var Kongeparet på omvisning langs Frukt- og siderruta og Hardanger Produksjonsskule, Hjeltnes. På kvelden var Kongeparet invitert til middag, saman med inviterte gjester på Brakanes Hotel, før dei segla vidare til Askøy og Herdla.

Også i 2019 har det vore utskifting i viktige posisjonar. Det vart tilsett ny økonomisjef etter Ingvill Tesdal og Trygve Solberg tok over stillinga på våren. Sonderingane me gjorde på slutten av 2018, om å leggja økonomifunksjonane administrativt under personal- og administrasjonsleiar vart realisert, slik at ein fekk samla alle stabs- og støttefunksjonar under ein leiar. Stillinga som personal- og administrasjonsleiar vart samstundes endra til Stabssjef. Det vart og tilsett ny kommunalsjef for helse og omsorg. Åshild tok til i stillinga på våren og avløyste Kristin Liset. Stillinga som bygde- og næringsutviklar har vore vakant også i 2019, men det har vore løyvd midlar på budsjettet til å jobbe med dei mest viktige oppgåvene innan næringsområdet. Det er likevel viktige næringsrelaterte oppgåver det ikkje har vore mogeleg å prioritera, utan ein tilsett i slik stilling. På teknisk eining har det vore konstituert leiar som fylgje av langtids sjukefråvære.

Me har hatt auka fokus på digitale løysingar, både i inneverande år, men og planleggjing for åra som kjem. Nye eller oppgraderte ikt-løysingar er vi i gang med og fleire står for døra. Dette er eit løft for heradet, både i administrasjonen og for innbyggjarane, men det er òg både tids- og ressurskrevjande i overgangane. Det er uansett eit heilt nødvendig steg i rett retning og vil vera med på å gje innbyggjarane lettare tilgang på heradet sine tenester og det vil gje ein enklare arbeidskvardag for dei tilsette.

Arbeidet med å ta inn etterslepet når det gjeld planar og tilpassing av planar, skjema og informasjon til endra lovverk har halde fram i heile 2019 og sjølv om meir og meir fell på plass, så har me framleis etterslep med oss vidare inn i 2020 og sikkert nokre år til. Me har prioritert det som har vore mest naudsynt eller som har kome som krav etter statlege tilsyn. Planstrategien skal rullerast etter valet i 2020 og me vil då konkretisera korleis me ser føre oss det vidare arbeidet med dei ulike planane, både utarbeiding av nye planar og rulling av eksisterande.

Strategisk nærings- og utviklingsplan (SNU-planen) vart vedteken i 2019, noko me er særskilt nøgde med. Arbeidet fram mot vedteken plan har vore grundig og inkluderande, med gode prosessar og stor grad av medverknad frå næringslivet og innbyggjarane elles. Kulturarvplan vart også vedteken i 2019, ein plan der det òg var fokus på innspel og medverknad. Andre planar vedtekne eller rullert i 2019 er skjøtselsplan, samt trafikksikringsplan. Det vart også vedteke nye alkoholpolitiske retningslinjer.

Redusert drift er ei krevjande oppgåve, særleg fordi det stadig kjem inn nye kostnader, statlege pålegg og krav. Sjølv om prosessen med å ta ned drifta har hatt fokus dei siste åra og ein har lukkast med å redusera på enkelte område, så er det utfordrande å koma i mål med redusert sluttlinje. Det må framleis jobbast med å tilpasse drifta i åra som kjem. Det har fokus i administrasjonen og er òg eit arbeid med brei politisk deltaking gjennom budsjett- og økonomiplan prosessar. Me fekk ikkje skjønnsmidlar frå Fylkesmannen i 2019, trass i godt dokumenterte søknader. Einingane har vore flinke til å sökja eksterne midlar på ulike prosjekt og me har fått midlar både til oppvekstområdet og til helse, samt ikt/digitalisering. I tillegg har me fått OU-midlar til ulike leiarprogram.

I budsjett for 2019 var det ei målsetjing å setja av kr. 2,4 mill til investeringar. Dette målet vart oppnådd, og utan årets korrigeringar ville heradet hatt eit resultatmessig mindreforbruk etter overføringar lik kr. 0,38 mill. Men under årsrevisjonen vart det avdekka vesentlege feil i heradet sitt sjølvkostrekneskap for vatn og avløp med verknad tilbake til 2012. VA-gebyra har i perioden vore for låge målt mot faktiske kostnadane og effekten utgjer kr. 3,6 mill som må resultatførast i 2019. Det vart i tillegg avdekka at heradet i tidlegare år ikkje har riktig avsett skatt for sal av erstatningskraft, og dette har påført heradet ei ytterlegare eingongskostnad på kr. 0,27 mill. Som fylgje av dette har heradet ikkje hatt driftsmidlar å overføra til drift, og har både eit meirforbruk på drift på kr. 0,25 mill og ei underfinansiering på investeringar på kr. 3,7 mill. Sett frå rådmannen sin ståstad er det særskilt uheldig at revisjonen vel å gjere slike korrigeringar med mange års tilbakeverknad. Me har hatt same revisjonsselskap i heile den perioden det no vert hevdat at me har ført rekneskapa feil, kun med byte av utførende revisor frå 2019 etter at den som reviderte våre rekneskap vart pensjonert. Me har kvart år i den aktuelle perioden fått melding frå revisjonsselskapet om at våre rekneskap er korrekte og i tråd med gjeldande lover og reglar og god rekneskapsskikk. Som rådmann er eg sjølv sagt oppteken av at me fører rekneskapa våre korrekt, men eg meinat det her burde vore tilstrekkeleg å korrigera kun siste året og å endra måten me førte sjølvkostrekneskapen og eigedomsskatten på, slik at det vart rett framover. Dette òg mtp omsynet til vesentlegheitsprinsippet og bruk av vesentlegheitsgrenser i revisjonsarbeidet. Eg er heller ikkje van med ein revisjon som meir er opptatt av å leita etter feil enn å rádgje økonomiavdelinga i å gjera ting rett.


Som rådmann opplever eg at me er i ein god «drive», både i administrasjon, som organisasjon og som tenesteleverandørar. Omstilling er aldri fritt for utfordringar, men med fokus på å framleis levera gode og relevante tenester til innbyggjarane og å halda stø og tydeleg retning, skapar det uansett ei viss forutsigbarheit for alle. Innspel, konstruktiv kritikk og brei medverknad er ikkje berre velkomment, det er òg ynskjeleg.

Informasjon – både internt i organisasjonen og ut til innbyggjarane er noko me veit me kan bli betre på. Dette skal me jobbe for å utvikle framover, både gjennom heradet si heimeside og ved å publisera informasjonsskriv, samt å gjennomføra informasjonsmøter og medverknadsmøter.

Eg ynskjer at Ulvik herad skal vera ein JA-kommune, med positivt og løysingorientert fokus. Eg meinar me er godt på veg til å nå dette. Med JA-kommune meinast ikkje at me seier JA til alt, men det ligg i dette at dersom me må sei nei, så skal det fylgjast av råd og rettleiing på kva ein kan gjera i staden. Fokus skal ikkje vera kva hindringar som ligg i løypa for å koma i mål, men korleis ein kan forsera dei hinder som evt ligg der.

Thore Hopperstad
rådmann

2) Årsberetninga sitt føremón



Årsberetninga er heradstyret sitt verkty for å kontrollera om heradet møter sine lovpålagte forpliktingar, og utgjer grunnlaget for økonomiplanprosessen for 2020-2023. Årsberetninga skal utarbeidast for føregåande rekneskapsår, innan 31. mai kvart år og vedtakast samtidig som årsrekneskapen.

Årsberetninga skal skildra status for og resultat av verksemda, økonomisk status og opplysa om høva for likestilling, forsvarleg kontroll og høy etisk standard i verksemda. Økonomiske avvik i høve årsbudsjettet skal skildrast med årsakar.

Ovannemde vurderingar danner grunnlaget for avklaringar i 2019 og oppfylgingsbehov i økonomiplan 2020-2023.

3) Drift og økonomi

Status drift og måloppnåing på ansvarseiningar

200-210 – stab, rådmann og politisk

Oppfølging av økonomiplan

Staben har fokus på digitalisering, og møteromma på Sentrumsbygget er oppgradert digitalt i 2019. Ulvik herad har fått digitaliseringsmidlar frå EU der føremålet er WIFI-tilgang i offentlege rom, og det er gjort ein del arbeid på dette i 2019, og arbeidet vil fortsetja i 2020. Det er bytta brannmur og hovedswitch. Oppgradering av rekneskapsprogrammet er gjennomført i år. Det er skifta ut trådlaus infrastruktur på skulen, og i tillegg har ein jobba mykje på den digitale strukturen på Ulvik omsorgstun.

I 2019 har det vore ein storstilt digitalisering av personalmappar: Tenestetorget og skulen har scanna eldre aktivt personalarkiv. Det har og vore ei massiv avslutning av arkivsaker. Ulvik herad har innført digital utsending og mottak av post via SvarInn/Ut. Digitalt arkiv og oppgradering heimesider er store prosjekt som skal gjennomførast i 2020, og er ein del av digitaliseringa i heradet.

I tillegg skal me i 2020 gjera ei utgreiing av ny digital infrastruktur i hst-salen, med mål om å gjennomføra dette i 2021.

Det er fokus på å fjerna unødvendige kostnader og lisensar, og dette er eit fokus me vil ha dei neste åra. Samtidig vil det bli auke i ein del lisenskostnader som fylgja av digitalisering og nye krav frå statlege hald innan GDPR (personvern), avvikssystem, beredskapssystem (analyse, varsling, kommunikasjon), m.m.

Det har vore stort etterslep på planarbeidet i stab siste år, og me har hatt og vil ha stort fokus på å henta inn att dette etterslepet. Dette er svært tidkrevjande prosessar. I 2019 vart følgjande planar utarbeidd og vedtatt:

- Temaplan for Kulturarv: Kulturarvstrategi for Ulvik herad 2019-2029,
- Strategisk nærings- og utviklingsplan for Ulvik herad 2019-2024 (SNU).
- Bevaring- og kassasjonsplan for Ulvik herad

Vidare i økonomiplanperioden skal me utarbeida:

- Plan for Idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv
- Heilskapleg ROS for Ulvik herad
- Overordna beredskapsplan for Ulvik herad
- Revidering av lønspolitisk plan
- Revidering av personalpolitiske retningsliner
- Revidering av kompetanseplan for Ulvik herad
- Revidering av målbruksplan for Ulvik herad
- Revidering av Etiske retningsliner for Ulvik herad

Tenesteproduksjon - teneste

Miljørarbeidarstillinga innan flykting er avvikla og tenesta inngår i andre kommunale teneste.

Det har vore vakanse i stillinga som bygde- og næringsutviklar, og det har vore merkbart meirarbeid på andre i staben. Me hyrte inn ekstern hjelp til spesifikke planarbeid som Kulturarvsplanen og deler av Strategisk nærings- og utviklingsplan, og andre oppgåver har vore løyst av ulike personar i staben.

Cittaslowrådet har hatt 7 møter i 2019 og rådet har hatt Julie Gyllander som sekretær frå februar til november og Hege Nielsen Børve overtok frå november. Cittaslow er involvert i Oktobertorget som er eit samarbeid mellom Ulvik næringslag og Cittaslow. Cittaslow har sertifisert 3 nye verksemder som Cittaslow-verksemder. Det er kjøpt inn miljøvennlege handlenett som er distribuert til alle tilsette i Ulvik herad, og handlenetta er til sals på turistkontoret. Det er eit godt samarbeid mellom Cittaslow og Slow Food Hardanger. Det har vore mykje arbeidd med Erasmuspluss-søknad der Brakanes skule i samråd med Cittaslow søker om stipend for å ha lærarutveksling med ein skule i Greve-in-Chianti, utvekslinga skal gjennomførast skuleåret 2020/2021. Cittaslow-omgrepet er vorte meir etablert i Ulvik, men det er forsatt viktig at tilsette, politikarar og næringsliv framsnakkar Cittaslow og integrerer det i daglelivet, slik at me får full effekt av kvalitetsmerket Cittaslow framover.

I 2019 har det vore stort fokus på beredskap og det vil det vera dei neste åra. Ulvik fekk 3 avvik på beredskapsarbeidet som skal lukkast. Me jobbar mykje med beredskap på alle nivå: Opplæring, kommunikasjonssystem, operative planar og beredskap i einingane, overordna planverk og involvering av interne og eksterne partar.

Sentrumsbygget vart resertifisert som miljøfyrtårnbedrift i mai. Miljøfyrtårn sertifiseringa gjeld til mai 2022.

Tv- aksjonen 2019: Inkomen sum for Ulvik herad var 82.330,-. Tradisjonen tru var formannskapet sjåførar medan 9. klassen gjekk med bøsser. I tillegg stilte Bygdekvinnelaget og andre friviljuge.

Borgarlege Vigsler: Det har vore 4 vigsler i 2019.

Valåret 2019: Kommunestyre- og fylkestingsval: I 2019 var det kommune- og fylkesval, og det var mykje aktivitet rundt administrasjon knytt til val og politikk både før og etter valet. Oppmøteporsenten var 75.67%. Det var stor trafikk på tenestetorget dei siste vekene før valdagen då heile 43% førehandsrøysta.

Tal møter i 2019:

Utval	Antall møter	Antall saker
FSK	9	82
HST	9	115

Bibliotek

Biblioteket sitt samfunnsoppdrag er å dekkja behova til ulike brukargrupper i alle samfunnslag, og biblioteket arbeider kontinuerleg med samlingsutvikling, aktiv formidling og tilrettelegging av kulturelle tiltak jamfør Lov om folkebibliotek § 1.

Arrangement i regi av biblioteket 2019:

I Ulvik: 40 ulike arrangement

- Lesesirkel; 6
- Språk-kafe: 12
- Arabisk-kurs: 8
- Sjakk på biblioteket: 3
- Forfattarbesøk: Karen Røise Kielland, Hans Olav Lahlum, Bokåret 2019.
- Pubquiz i samarbeid med Haugesenteret
- «Vitskapsshow» med Fnugg teater, på Brakanes skule, gjennom Hardangerbiblioteksamarbeidet.
- «Tenk om eg var ein tanke» forestilling m. Annlaug Børsheim og Mari Skeie Ljones, i samarbeid med Haugesenteret
- «Pling vaken» forestilling, Irene Ahnél og Mette Scarth Tønset Bokåret 2019.
- Tor Arve Røssland. «Svarte Mathilda», på Brakanes skule, gjennom Hardangerbiblioteksamarbeidet.
- Pølsetjuven, Marianne Gretteberg Engedal gjennom Hardangerbiblioteksamarbeidet.

I tillegg har det vore besøk av barnehage og skule.

Utlåns- og besøksstatistikk:

	2016:	2017:	2018:	2019:
Samla utlån:	4450	4265	4474	3686
Samla besøk:	2340	2108	2278	2374

Kultur og kino

- Utsmykkingsnemnda sluttførte utsmykkingsoppdraget ved Ulvik Omsorgstun.
- Temaplan for kulturarv vart vedteken i 2019.
- Det har vorte arrangert innhaldsrike og fine program i Den Kulturelle Spaserstokken.
 - ✓ Ferda Roser konsert på Ulvik sjukeheim 21.feb 2019
 - ✓ Ulvik og Granvin Pensjonistlag. Arrangement på Brakanes Hotell 27.03.2012
Konsert med Ranveig Djønne og Annlaug Børsheim
 - ✓ Klyngetunet v/Eva Røyrane. Arrangement på Haugesenteret 20.02.2019
 - ✓ Konsert i Ulvik kyrkje med Grete Skarpeid 18.08.2019
 - ✓ Julekonsert med Linda Fosse i Ulvik omsorgstun 12.12.2019
- Vi har hatt fokus på å få til musikkarrangement på omsorgstunet. Desse arrangementa har vi lagt til dagar der det er aktivitet på arbeidsstova og fleire kan få glede av det.
Hauge-senteret har vore arrangementansvarleg på nokre av arrangementa, og det har vore samarbeid med Sogelag og Pensjonistlag.
- Det har vore bra aktivitet innanfor Den Kulturelle Skulesekken. Å kunne nytte lokale kunstnarar/kunsthandverkarar og gjera lokalhistorien kjent, ser ein på som viktig.

- ✓ Elevane i 10 klasse har fått prøve glasblåsing med Silje Syse og arbeidd med keramikk hjå Ingvild Winters.
- ✓ Elevane i 1.- 4.trinn har hatt forfattarbesøk av Birte Svatan.
- ✓ Elevane i 4.og 5 trinn har vore på kulturvandring på Rossvoll.
- ✓ Elevar på alle klassetrinn har fått delteke på skulefilmframsyning.
- ✓ Elevar på 4. og 5 trinn har for med på feleprosjekt med Johanna Mjeldheim.

Totalbesøk kino

År	Besøk
2019	1580
2018	1600

Ulvik kino held seg omlag på same besøkstal som i 2018. Snittbesøket pr.film er 21. Barne og ungdomsfilmar, samt norske filmar får mest besøk.

2019 har ikkje bydd på dei store filmtitlane, og det har gjerne sitt utslag i kinobesøket.

10 på topp 2019:

Film	Besøk
Frost 2	109
Drømmeparken	98
Snekker Andersen og Julenissen	96
Operasjon Mumie	90
Løvenes Konge	77
Last Christmas	64
Kaptein Sabeltann og den magisk diamant	64
Joker	49
Amundsen	45
Avengers: Endgame	43

Økonomisk status

Teneste	Teneste(T)	Rekneskap 2019	Budsjett 2019 vedtatt	Budsjett-justeringer 2019	Revidert budsjett 2019	Avvik i kr	Forbruk i %
1200	Felles administrasjon	8 764	0	0	0	-8764	0
1202	Rådmannsfunksjonen	1 212 015	1 090 791	29 000	1 119 791	-92224	108
1730	Premiefond	-20 303	0	0	0	20303	0
200	Rådmannen	1 200 476	1 090 791	29 000	1 119 791	-80685	107

Teneste	Teneste(T)	Rekneskap 2019	Budsjett 2019 vedtatt	Budsjett-justeringer 2019	Revidert budsjett 2019	Avvik i kr	Forbruk i %
1000	Heradstype/formannskap	1 406 939	1 260 227	0	1 260 227	-146712	112
1001	Politiske råd og utval	188 875	169 131	0	169 131	-19744	112
1003	Val	85 139	77 195	0	77 195	-7944	110
1004	Revisjon, kontrollutval	678 484	593 273	0	593 273	-85211	114

1005	Politiske komiteer	6 360	19 417	0	19 417	13058	33
1200	Felles administrasjon	6 677 566	6 463 743	185 000	6 648 743	-28823	100
1201	IKT	2 435 893	2 565 499	14 000	2 579 499	143606	94
1204	Personal - felles	394 670	395 802	0	395 802	1132	100
1206	Rådgjevar Skule-Barnehage	315 836	304 883	13 000	317 883	2047	99
1730	Premiefond	-173 055	0	0	0	173055	0
1804	Eldreråd	6 830	23 558	0	23 558	16728	29
1805	Ungdomsråd	30 924	51 886	0	51 886	20962	60
2750	Introduksjonsordningen	8 134	0	0	0	-8134	0
3250	Tilrettelegging næringsliv	34 488	0	-96 133	-96 133	-130621	-36
3390	Brannvesen	-104	0	0	0	104	0
3650	Kulturminneforvaltning	-12 850	4 000	0	4 000	16850	-321
3700	Ulvik folkebibliotek	632 051	634 009	-26 375	607 634	-24417	104
3730	Kino	520 319	499 817	6 000	505 817	-14502	103
3750	Museum	10 403	20 440	0	20 440	10037	51
3770	Kunstformidling	16 953	29 047	33 375	62 422	45469	27
3800	Støtte idrettsorganisasjonar	60 000	57 072	0	57 072	-2928	105
3850	Kulturadministrasjon	-85 058	0	8 000	8 000	93058	-1063
3851	Lokalhistorisk arkiv	255 752	255 723	5 000	260 723	4971	98
3852	Andre kulturaktivitetar	4 174	844	0	844	-3330	495
3900	Kyrkja	1 778 358	1 778 358	0	1 778 358	0	100
3920	Andre religiøse formål	78 564	122 640	0	122 640	44076	64
210	Stab/støtte	15 355 644	15 326 564	141 867	15 468 431	112787	99

Tilskotet til kyrkja vert redusert med kr. 50 000 årleg i perioden 2018 – 2020 som vedtatt i tidlegare økonomiplanar.

Staben varsla i tertialrapportane eit underskot på ca. 150 000, men p.g.a. refusjon på pensjonskostnader (ca. 175 000) og tilbakebetaling frå det katolske kyrkje (50 000) på for mykje utbetalt tilskot tidlegare, refusjon for sjukefråvær, pluss diverse pålagte innsparing siste tertial vart årsresultatet **112 787 i pluss**.

Kontrollutvalet hadde eit meirforbruk på kr. 85000, og gjev denne uttalen: *Kontrollutvalet i Ulvik hadde eit meirforbruk i 2019. Dette skuldast i hovudsak to førehald. 1. Kontrollutvalet gjennomførte to ekstra møter i 2019. Eit møte vart utsett frå november 2018 til januar 2019. Det andre «ekstramøtet» var første møte i ny valperiode 2019 – 2023 gjennomført haust 2019. 2. Kontrollutvalet sitt budsjett som vedteke i heradsstyret gjev ikkje rom for meir enn det minimum som er sett til kontroll og tilsyn i lov og forskrift og gjev soleis heller ikkje rom for utsetting/framskunding av politiske møter.*

220 – barnehage

Oppfølging av økonomiplan

Barnehagen arbeider heile tida aktivt for å tilpassa sin organisasjon og si organisering i høve mål for heradet og gjeldane lover og forskrifter.

Forskrift om pedagogisk bemanning tredde i kraft frå 01.08 2017, og med endringar 01.08 2018.

Barnehagen tilfredstiller krav om pedagogettleik og bemaningsnorm.

Barnehagen har sterk fokus på pedagogisk arbeid og tett oppfølging av barna i barnehagen.

Barnehagen har Arbeidsmiljøgruppe i barnehagen der tillitsvalde, verneombod og styrar handsamar planar og saker som er viktige for arbeidsmiljøet i barnehagen.

Tenesteproduksjon

Ulvik barnehage tek i mot alle i heradet som søker barnehageplass. Det inneber endring i tal barn frå år til år. Barnehagen har fleire opptak i løpet av året, noko som innber endringar i barnetal og behov for bemanning i løpet av budsjettåret.

Årsplan for Ulvik barnehage har vore eit tradisjonelt dokument i mange år. I 2019 vart Årsplandokumentet omarbeidd og gjort meir brukarvennleg for både personale og foreldre. Dei pedagogiske leiarane og personalgruppa var aktivt med i utarbeiding av ny plan.

Ut frå erfaring med overforbruk tidlegare år, vart den økonomiske ramma til barnehagen utvida med ca 1,1 mill. Lønsbudsjettet for barnehagen vart auka i høve reelt behov for bemanning.

Per januar 2019 hadde barnehagen drift i 5 avdelingar. Grunnbemanninga var på 15 årsverk. I tillegg kom styrarressurs, spesialpedagog og støtteressursar, totalt 18,38 årsverk etter suppleringsopptak av barn i februar.

Det såg ut til å bli overskridning i høve spesialundervisning, og barnehagen fekk innvilga ekstra løyving frå disposisjonsfondet i høve støtteressurs med kr 267 000 kr.

Det vart vedteke å gå til innkjøp av modulavdelinga, Gråtass.

Frå august 2019, hadde barnehagen drift i 4 avdelingar. Talet på barn gjekk ned, og det var rom for å organisera drifta i 4 avdelingar. Grunnbemanninga på avdelingane var på 12,8 årsverk. I tillegg kom styrarressurs, spesialpedagog og støtteressursar, totalt 15,31 årsverk.

Ei arbeidsgruppe i barnehagen arbeidde med plan for omorganisering og oppgradering av det fysiske miljøet i barnehagen. Norconsult var inne og gjennomførte analyse og utarbeidde rapporten «Ulvik barnehage, vurdering av kapasitet og pedagogisk funksjonalitet».

Personalet arbeidde vidare med rapporten og kom med eigne framlegg til forenkla tiltak.

Barnehagen fekk løyving til å koma i gang med oppgradering og opp- pussing i barnehagen med totalt kr 450 000 kr. I tillegg var det sett av kr 200 000 til innkjøp av inventar på investeringsbudsjettet.

Barnehagen har utarbeidd søknad og grunnlag for vidare arbeid med godkjenning av barnehagen i høve miljøretta helsevern for barnehage og skule.

Tenester

Statistikk henta brå barnehagefakta.no:



Barn per ansatt

5,9

Ulvik barnehage Ulvik barnehage har 5,9 barn per ansatt

Barn per ansatt viser til tal barn per årsverk til grunnbemanninga. Grunnbemanninga er dei tilsette i barnehagen som arbeider direkte med heile barnegruppa. Tala er per 15.12.2019

Barnehagen oppfylte bemanningsnorm



Barn per barnehagelærer

Talet viser tal barn per årsverk til tilsette med barnehagelærarutdanning eller tilsvarande.

11,8

Ulvik barnehage Ulvik barnehage har 5,9 barn per barnehagelærar

Barnehagen oppfylte pedagognorma per 15.12.2019



Foreldretilfredshet

3,9 / 5,0

Ulvik barnehage scorar 3,9 av 5,0 på tilfredshet

Ulvik barnehage 78,6 % svar

4,5 / 5,0

Nasjonalt scorar barnehager gjennomsnittleg 4,5 av 5,0 på tilfredshet

Nasjonalt gjennomsnitt 71,9 % svar

Me hadde god foreldredeltakng i høve brukarundersøkinga. Resultatet syner score under landssnitt.

Det var skilnader i score mellom dei ulike avdelingane. Det vart arbeidd med oppfølging i høve resultatet.

Økonomisk status

Teneste	Teneste(T)	Rekneskap 2019	Budsjett 2019 vedtatt	Budsjett- justeringer 2019	Revidert budsjett 2019	Avvik i kr	Forbruk i %
1730	Premiefond	-173 049	0	0	0	173049	0
2010	Ulvik Barnehage	8 771 785	9 069 999	184 000	9 253 999	482214	95
2020	Grunnskuleundervisning	7 165	0	0	0	-7165	0
2110	Spesialundervisning	1 010 498	758 906	44 000	802 906	-207592	126
220	Barnehagen	9 616 399	9 828 905	228 000	10 056 905	440506	96

Barnehagen enda opp med eit mindreforbruk på 440 506 kr eller eit totalforbruk på 96%.

Det vart mindre forbruk i hove premiefond enn forventa. Ekstra løyving til spesialundervisning, kr 267 000 vog opp for eit meirforbruk på 207 592 kr.

Barnehagen hadde fokus på lågt forbruk hausten 2019. Me spara inn leigeutgifter til modulbarnehagen andre halvår, og ein del andre postar. Me hadde stort overforbruk på vikar ved sjukdom, men det vart kompensert av refunderte sjukepengar.

Oppfølging av økonomiplan

Tap av inntekt frå annan kommune med om lag 1 050 000 på årsbasis. Sidan me fekk aksept for refusjonskrav til same kommune for halve året, vart denne summen redusert til om lag 400 000. Inntektstapet vart innarbeidd i råma for eininga, ved å omdisponera eksisterande ressursar.

Eininga hadde som mål å oppgradera inventaret i klasseromma og fellesareala på skulen. Det vart ikkje løyvd midlar til dette i 2019, men ein har omprioritert innan eigne rammar og fått noko gjort innan gjeldande budsjett.

Skulen hadde trøng for eit møterom. Dette vart gjennomført i samarbeid med teknisk eining, og er no på plass innanfor vedtekne rammar.

Det vart arbeidd med ein plan for skulen sitt uteområde. Det vart ikkje løyvd midlar til dette i 2019, men det er planlagt byggjing av ny ballbinge i 2020.

Det vart meldt om trøng for bygningsmessige endringar og mangel på innvendig og utvendig vedlikehald. Det vart ikkje sett av midlar til dette i 2019, men arbeidet held fram i 2020.

Tenesteproduksjon

Kap 230 Undervisning femner om:

Grunnskuleopplæring, Skuleskyss, PPT/spesialundervisning, Vaksenopplæring, Skulefritidstilbod (SFO) og Kulturskule.

Tenester

- Brakanes skule

Brakanes skule er 9-delt og har 125 elevar. Skulen har 16,85 pedagogiske årsverk, i tillegg kjem rektor og ass rektor med 1,6 årsverk. Me har sekretær i 37,5 % stilling, konsulent for skule og SFO i 80 % stilling, og fagarbeidrarar/assistentar i skule og SFO i til saman 4,5 årsverk. Skulen har frå 2015 arbeidd med samanslårte klassar i enkelte fag. Skuleåret 2018-2019 var skulen 8-delt. Skuleåret 2019-2020 har skulen vore 9-delt.

Eit godt læringsmiljø har vore hovudsatsingsområde for skulen i 2019. Heile lærarstaben har deltatt i eit digitalt kursopplegg i regi av Høgskulen i Innlandet. Målet har vore å utvikla kollegiet sin samla kompetanse rundt eit godt læringsmiljø, med fråvær av mobbing og krenkingar. Dei ulike aktivitetspliktane i nye §9a har vorte arbeidd med.

I 2019 har me hatt auka fokus på digitale dugleikar på heile skulen. Me har hatt eit kursopplegg over eit heilt skuleår for 1.-4. kl., saman med kompetansepartnaren RIKT. Dei har hatt fokus på den gode undervisningsøkta ved hjelp av ulike applikasjonar på iPad. Dette har vore lærerikt og nyttig.

Fysisk aktivitet og god helse har vore eit anna fokusområde. Me har omorganisert skuledagen for å få til ei 30 min økt fysisk aktivitet for alle elevane kvar dag, i kombinasjon med eit fruktmåltid. Aktiv TL-undervisning (Trivsels-Leiar) er ein viktig del av dette. Det same er uteskulen for 1.-7. klasse. Valfagget Fysisk aktivitet og helse på ungdomstrinnet har vore eit populært tilbod.

Kostratal:

	2015	2016	2017	2018	2019
Ulvik	177 516	170 621	185 483	177 123	182 309
Granvin	171 628	201 048	203 824	209 388	249 241
Eidfjord	247 040	230 713	230 960	241 929	285 161
Jondal	136 628	148 893	152 430	157 496	151 419
Kommunegruppe 6	161 623	164 087	171 411	179 086	191 362

- Brakanes skule sin bygningsmessige tilstand

Brakanes skule er ikkje godkjent etter Lov om miljøretta helsevern. Enkelte deler av skulebygningen er i kritisk tilstand, og forbetringstiltak må vurderast omgåande. Dette gjeld særleg deler av utvendig veggkonstruksjon og takkonstruksjonar med skifertak. SWECO har levert eit notat som skildrar feil og manglar ved skulebygningen. Det føreligg også ein inneklima-rapport frå Mycoteam. Denne rapporten viser til høge mengder sopp på enkelte deler av skulen, m.a. naturfagsalen, kjøken/kantine og administrasjonen. Naturfagsalen er no stengt. Problemstillinga har vore oppe i AMU-sak, 011/20, og vert arbeidd vidare med.

- PPT/Spesialundervisning.

Dei siste åra har skulen hatt eit høgt tal elevar med spesialundervisning. Sjølv om me har jobba medvite for å få ned talet på spesialundervisning, har fleire elevar framleis sakkunnig vurdering og vedtak som utløyser ein relativt høg ressurs. Statistikken viser at i 2017 var det prosentvisje talet av elevar i grunnskulen som har spesialundervisning 14,5 %, medan det i 2018 var litt lågare, dvs. 13,8 %. I 2019 var talet nede i 12 %. Me arbeider med mål om å få til ei best mogleg opplæring for alle elevar, noko som vil gje utslag på omfanget av spesialundervisning. Dersom den ordinære undervisninga er godt tilpassa, vil behovet for spesialundervisning verta mindre. For at dette skal gje effekt er det nødvendig med styrking i klassane, både for å fanga opp «gråsone-elevane», men og for å gje ei best mogleg klasseundervisning til alle. Me har ein inkluderande tankegang, som i praksis vil seia at opplæring i lita gruppe eller einetimar førekjem berre i særskilte tilfelle.

- Vaksenopplæring, med særleg vekt på norsk og samfunnskunnskap for vaksne minoritetsspråklege med rett og plikt til opplæring.

Dette gjeld også retten vaksne – inkludert minoritetsspråklege – har til grunnskuleopplæring når dei ikkje har gjennomført grunnskulen tidlegare i livet. Me har fleire vaksne minoritetsspråklege som har rett og plikt til norsk og samfunnskunnskap. Me har også vaksne, inkludert minoritetsspråklege, som kan ha rett til grunnskuleopplæring når dei ikkje har gjennomført grunnskulen tidlegare i livet.

Frå 2016 og fram til 2019 har det vore tett og godt samarbeid mellom flyktningetenesta og opplæring i norsk og samfunnskunnskap. Dette har hatt god effekt for deltakarane sin norsk-kompetanse. Biblioteket har vore ein god medspelar m.a. med å arrangera språkkafé. 2019 vart det endringar i norskopplæringa for vaksne, både fordi det var siste året me fekk tilskot til opplæring frå IMDI, men også fordi Ulvik herad avvikla

flyktningetenesta. Dette var naturleg ettersom flyktningane då hadde vore i Noreg i minimum 3 år. Kommunane får tilskot til norskopplæring i 3 år, men kan ha plikt til å gje gratis opplæring i opptil 5 år. Behovet for norskopplæring er langt større enn dei som har rett til opplæring. Me har i periodar gjeve tilbod om norskopplæring til andre, men i siste halvdel av 2019 konsentrerte me undervisninga til dei som har rett til gratis norskopplæring. Lærarane har vist stor fleksibilitet, slik at deltakarane har kunna ivareta sesong-arbeid. Norsk-opplæringa har difor vore konsentrert til vinterperioden.

Vurdering i norsk for minoritetsspråklege følger systemet A1, A2, B1 og B2. Dersom ein oppnår B1, er ein klar for vidaregåande, medan høgskulane forventar B2. I Ulvik er 6 av 12 deltakarar på B-nivå på ein eller fleire prøvar. Me vurderer korleis me best kan hjelpe deltakarane vidare i tråd med eigne målsetjingar.

- Kulturskulen:

I 2019 hadde Kulturskulen 74 elevar som nytta 112 elevplassar. Dette er eit godt tal då elevtalet i grunnskulen er 125. Kulturskulen har 7 lærarar fordelt på til saman 2,18 årsverk. Ulvik kulturskule har tilbod innan: Biletkunst, drama, lyd/lys, Nøringen (gruppetibod for 4-6 åringar i lokal dans, song og leiktradisjonar), gitar, bass, band, slagverk, hardingfele, blåseinstrument, piano, song. Me arrangerte UKM (ungdommens kultur mөnstring) saman med Granvin og Eidfjord i fleirbrukskallen. Der hadde me fine innslag, der nokre gjekk vidare til fylkesmөnstringa. Me hadde også dyktige elevar frå kulturskulen som fekk spela for sjølvaste kongen og dronninga då dei vitja Ulvik.

Elles har biletkunstelevar hatt utstilling i gamle samvirkelaget. Skulemusikken deltok både på 17 mai, julegateopning og torgdag. Fleire av banda var og med på blueshelga på Brakanes hotell i mars, til stor glede for både publikum og elevar. Me blir og brukt som innslag når hotellet har «eventar».

Me er dessutan veldig stolt av at Jan Geir Solheim og Hans Petter Thorbjørnsen delte ut drømmestipendet til Sindre Tveit for sitt talent innan lyd og lys, på kulturskuleavslutninga i juni.

Det vart fokus på å spa i heradet, så me prøvde å korta undervisingstid på enkeltundervising frå 22,5 til 20 minutt. Dette sparte me noko på.

Kultuskulen ynskjer å få bygd opp eit tilbod innan dans. Det manglar Ulvik kulturskule i dag.

Kulturskuledeltaking:

År	Elevar i grunnskulealde r	Elevar under grunnskulealde r	Elevar over grunnskulealde r	Guta r	Jente r	Su m
2014 -15	57	0	2	25	34	59
2015- 16	65	0	2	33	34	67
2016 -17	64	0	5	34	35	69
2017- 18	66	0	3	30	39	69

2018 -19	68	7	5	35	45	80
2019 -20	62	8	4	34	40	74

Kulturskule fordeling på aktivitet:

År	Musikk-undervisning Elevplassar	Visuelle kunstfag Elevplassar	Teater Elev-plassar	Dans Elev-plassar	Andre kunst- og kulturuttrykk	Sum Elev-plassar
2014 -15	67	12	13	0	6	98
2015 -16	83	11	8	0	8	110
2016 -17	75	16	9	0	6	106
2017 -18	74	19	4	0	2	99
2018 -19	78	11	7	0	11	107
2019 -20	78	8	7	0	19	112

Nøringen:

Nøringen er eit unikt kulturskuletilbod for born mellom 4 og 6 år, som hadde oppstart hausten 2018. Satsinga er i alle 4 Hardangerkommunane og på Voss. Alle som starta opp hausten 2018 fortsette på Nøringen vinteren og våren 2019. Me la opp til ulike aktivitetar tilpassa aldersgruppa med nokon enkelttimar med song og dans, og nokon dobbelttimar med andre aktivitetar som akekveld, vitjing på Haugesenteret, påskeverkstad/såmannsdag, besøk på Undeland Gard og soge- og fisketur i Øydvenstod i tillegg til øving til konserter.

Hausten 2019 starta opp i september med 14 påmelde born, men ikkje alle har møtt og noko slutta undervegs, slik at me har vore oppe i 12 frammøtte born med foreldre/føresette på det meste. Nøringen i Ulvik har si eige Facebook gruppe (frå 2020) etter ynskje frå foreldra der me legg ut informasjon om endringar i forhold til planen og anna informasjon, samt bilete frå aktivitetane våre.

- SFO:

SFO var også i 2019 eit populært tilbod med høgt tal brukarar. SFO er ope mellom 7.30 og 8.30 og mellom 14.10 og 16.30 kvar dag, med unntak av fredag – då er tilboden frå 11.10 til 16.30. Bemanninga har vore 12 born pr. vaksen. I tillegg har born med særskilte utfordringar hatt ekstra bemanning.. Dette året har det vore 23 born på heil plass og 14 på fredagstilbod, totalt 37 born. Bemanning har vore 12 born pr. vaksen, i tillegg har

nokre born hatt ekstra bemanning. I 2019 er det Svanhild Hide som har vore fagansvarleg på SFO

Kvar ettermiddag har borna fått velja ein del aktivitetar sjølv. Hallen og gymsalen har vore mykje brukt. Elles er kafé og restaurant-leik populært, teikning, måling, fargelegging, klypping og liming. Me har hatt «Nissefest» og karneval. Somme har jobba med lekser.

Fredagane har vore brukt til ulike aktivitetar. Me har vore på småturar, aketurar, henta joletre i skogen, aktivitet i hallen, brukt bålpanna til pinnebrød, poppa popcorn og steikt grønsaker.

År	Tal born i SFO	100% plass	1. trinn	2. trinn	3. trinn	4. trinn
2015-16	41	27	8	13	9	10
2016-17	43	20	13	11	10	8
2017-18	36	23	4	13	9	10
2018-19	42	26	16	7	12	7
2019-20	37	23	10	13	4	10

Økonomisk status

Teneste	Teneste(T)	Rekneskap 2019	Budsjett 2019 vedtatt	Budsjett-justeringer 2019	Revidert budsjett 2019	Avvik i kr	Forbruk i %
1200	Felles administrasjon	-37 807	0	0	0	37807	0
1710	Amortisering av tidlegare års premieavvik	65 819	0	0	0	-65819	0
1730	Premiefond	-114 131	0	0	0	114131	0
2020	Grunnskuleundervisning	16 620 598	15 537 350	396 000	15 933 350	-687248	104
2021	PP-teneste	0	429 240	0	429 240	429240	0
2131	Vaksenopplæring framand -språklige	-497 079	0	0	0	497079	0
2150	Skulefritidsundervisning	597 224	981 022	13 000	994 022	396798	60
2221	Skyss til/frå skule	361 379	400 000	0	400 000	38621	90
3030	Kart og oppmåling	7 100	0	0	0	-7100	0
3830	Kulturskule	1 357 420	1 376 520	22 000	1 398 520	41100	97
230	Undervisning	18 360 524	18 724 132	431 000	19 155 132	794609	96

Kommentarar:

SFO og Grunnskuleundervisning må sjåast under eitt, pga. at løn i 80 % stilling som skulle vore ført på SFO, er ført på Grunnskuleundervisning.

PPT er ført på Grunnskuleundervisning

Vaksenopplæring – her vart det tilført 607 000 pga. 2 kandidatar som var registrerte i NIR-registeret. Det vart nytta om lag 110 000 til løn innanfor denne tenesta. Resten var planlagt som fondsavsetjing ved årsslutt. Særskilte hendingar i heradet, gjorde at dette måtte nyttast til andre føremål.

Mindreforbruket på Grunnskuleundervisning skuldast eit avvik på om lag 100 000 i pensjonspremie, samt meir tilført i statstilskot (midlar til tidleg innsats og stipendmidlar) enn det som var budsjettert. Det same gjeld tilretteleggingstilskot (mentormidlar) som me fekk innvilga hjå NAV.

Oppfølging av økonomiplan

2019 vart eit stort år for Helse og omsorg, vi flytta inn i nytt bygg desember 2019. Heile året jobba me for å få ei god innflytting og komma oss på plass i det nye bygget før Jul. I samband med flytting, måtte me jobba overtid og på dognad.

Det som skildrar ei perfekt flytting var dognadsånden til Helse bergen, som stillte med ambulanse utan at det kosta noko ekstra. Når den fyrsten brukaren (den elste) kjem gåande hand i hand med den yngste pleiaren vår, kom det eit smil hos mange av oss. Nokre uforutsatte utstyrsmanglar, vart raskt avklart og ordna opp i. Det at einiga gjekk i minus med kr 660 000 skyldast overtidsbruk ved flytting, og nødvendig utstyr me trøng for å kunna drifta (døme på dette er induksjonsovn).

Avvikling av privat fysioterpaut fekk me òg til, etter ein lang og tru teneste for Ulvik herad gjekk Norbert av med pensjon i slutten av 2020. Me tilsette to kommunale fysioterapeutar som skal drifta for heile heradet, med førebygging og tilrettelegging av tjenesta si.

Eitt av måla var også avvikling av vaskeriet, dette måtte me overføra til januar 2020.

Eitt av områda vi byrja å sjå nærmare på var ØH sengane, dette er me ikkje i hamn med. Dette prosjektet ønsker me å sjå nærmare på i 2020 òg.

Me klarte oss i 2019 med ferieavvikling utan å leige inn private tilbudere (legar, sjukepleiarar, pleiare).

Året 2019 gjekk etter planen, men nokre få unntak.

Tenesteproduksjon

Sjukeheim/omsorgstun: vi flytta ut av den gamle sjukeheimen og inn i nytt bygg for Ulvik omsorgstun i desember.

Heimetenester: hausten 2019 fekk vi multidose. Dette har vist seg å vera mindre ressurskrevande enn dosetter.

Bustadtilbod: vi fekk ansvar for òg å tildele alle kommunale bustader i tillegg til omsorgsbustadene. Dette vil forhåpentleg gi oss ein betre oversikt over søkerane som kjem til heradet.

Sosialhjelp: det er ikkje alltid lett å styra sosialhjelpa til hedaet sine innbygare. Trenden viste også i 2019 at viter halvåret gir den største utfordringa i heradet. Vi hadde i 2019 eit overforbruk av krise hjelp.

Helsestasjon: sommaren 2019 fekk vi ny jordmor. Tilsetningshøvet hennar er hos Helse Bergen og denne tenesta vart sett til 20%. Helsestasjonen dekkar fysioterapi og andre omsorgs- og sosialtenester. Elles så er helsesjukepleiar aktivt med i tverfagleg team, noko heradet nyt godt av. Saman med barne og ungdomsarbeidaren, gjer helsesjukepleiaren ein viktig innsats blant barn og unge i heradet.

Helse og legeteneste: ingen avvik i 2019. Tenesta har gått som normalt.

Fysioterapi: på tampen av året vart det tilsett to kommunale fysioterapeutar etter at den private terapeuten pensjonerte seg. Tenesta har utarbeidd plan for 2020.

Vi har delteke i fleire prosjekt i 2019, m.a. velferdsteknologi, rehabilitering- og habiliteringsprosjekt, friskliv (lungeprosjekt), kantinedrift og multidose.

Folkehelseplanen vart ferdigstilt og inngår i heradet sin planstrategi frå 2020.

NAV Ulvik hjelper personar som treng økonomisk sosialhjelp, både som einaste inntekt og som supplerande stønad til anna inntekt.

Økonomisk status

Teneste	Teneste(T)	Rekneskap 2019	Budsjett 2019 vedtatt	Budsjett- justeringer 2019	Revidert budsjett 2019	Avvik i kr	Forbruk i %
1200	Felles administrasjon	1 188	0	0	0	-1188	0
1209	Adm. Fagområde	1 026 164	1 107 544	0	1 107 544	81380	93
1730	Premiefond	-612 202	0	0	0	612202	0
2110	Spesialundervisning	6 924	0	0	0	-6924	0
2310	Aktivitetstilbod for barn og unge	276 615	289 289	2 000	291 289	14674	95
2320	Helsest. & jordmoteneste	886 649	869 883	14 000	883 883	-2766	100
2340	Drift av nr.10/Brakanestunet	418 098	412 421	0	412 421	-5677	101
2342	Støttekontaktteneste	93 163	247 177	0	247 177	154014	38
2345	Dagavdeling for demente	1 059 261	1 081 576	20 000	1 101 576	42315	96
2410	Kommunelegetenesta	3 194 876	2 961 519	61 000	3 022 519	-172357	106
2411	Legevakt	1 780 521	1 780 392	0	1 780 392	-129	100
2412	Fysioterapitenesta	1 391 066	1 084 709	0	1 084 709	-306357	128
2422	Skjenkekontroll	11 011	-4 178	0	-4 178	-15189	-264
2423	Krisenter	103 300	100 000	0	100 000	-3300	103
2430	Edruskap og behandling	0	5 222	0	5 222	5222	0
2440	barnevertneneste adm.	644 917	606 351	0	606 351	-38566	106
2510	barneverntiltak i fam §4-4	88 690	52 224	0	52 224	-36466	170
2520	Barneverntiltak utanfor familien	425 166	567 961	0	567 961	142795	75
2530	Ulvik sjukeheim	13 837 776	12 366 184	290 000	12 656 184	-1181592	109
2531	Kjøkkentenester	3 588 775	3 229 030	44 000	3 273 030	-315745	110
2532	Miljørarbeidar	493 780	502 000	9 000	511 000	17220	97
2533	Annan bolig/institusjon (overf frå 2545)	2 379 508	2 031 330	0	2 031 330	-348178	117
2540	Heimehjelpstene	1 295 753	1 466 135	21 000	1 487 135	191382	87
2541	Heimesjukepleie	3 580 666	3 399 776	63 000	3 462 776	-117890	103
2542	Ergoterapi	270 567	384 297	8 000	392 297	121730	69
2544	Psykiatriteneste	629 384	676 465	13 000	689 465	60081	91
2546	Omsorgsløn	576 408	1 077 139	0	1 077 139	500731	54
2547	Pers-brukar ass (overf frå 2341)	51 516	0	0	0	-51516	0
3400	Vasshandsamingsanlegg	4 326	0	0	0	-4326	0
240	Helse & omsorg	37 503 864	36 294 446	545 000	36 839 446	-664420	102

Teneste	Teneste(T)	Rekneskap 2019	Budsjett 2019 vedtatt	Budsjett- justeringer 2019	Revidert budsjett 2019	Avvik i kr	Forbruk i %
1200	Felles administrasjon	344	0	0	0	-344	0
1209	Adm. Fagområde	353 437	135 214	7 000	142 214	-211223	249
1730	Premiefond	-14 060	0	0	0	14060	0

2420	Sosial rådgiving	421 122	499 582	8 000	507 582	86460	83
2430	Edruskap og behandling	81 172	84 200	1 000	85 200	4028	95
2750	Introduksjonsordningen	723 875	979 600	0	979 600	255725	74
2810	Bidrag livsopphald §5-1/5-2	2 674 065	2 216 569	0	2 216 569	-457496	121
270	NAV	4 239 955	3 915 165	16 000	3 931 165	-308790	108

Helse og omsorg hadde eit meirforbruk på 664 420 i 2019.

Dette skuldast:

- Me kjøpte inn nytt ultralydutstyr til legekontoret til kr 200 000. Dette var ein naudsynt investering relatert til nytt omsorgstun, men var ikkje del av omsorgstunprosjektet. Vil bidra til å gjeve legane god oversikt og fleire svar, utan å måtte henvisa til UL- undersøking på sjukehus.
- Me investerte òg i utstyr til fysioterapeutene, då det dei tok over byrja å bli gamalt. Ein av fysioterapeutene er spesialist på behandling med trykkbølgje og laser. Utstyret tok ho med frå privat fysioterapipraksis på Voss. Dette utgjorde ca. 130 000 av 306 000 kroner i meirforbruk på tenesta. Resterande meirforbruk var kostnadar knytt til avslutning av den privat fysioterapitenesta.
- Meirforbruket på Ulvik sjukeheim og kjøkkentenesta gjeld overtid i samband med flytting og nødvendig utstyr til kjøkkenet ved flytting til nytt bygg.

Nav hadde eit meirforbruk på 308 790 i 2019

- Meirforbruket til Nav gjeld auka kostnadar til naudsynt sosialhjelp, i hovudsak livsopphald etter §5-1/5-2

280 – Teknisk leiar

Oppfølging av økonomiplan

Ansvar 280 – teknisk leiar, har gjennom året drevet innanfor føresetnadane i økonomiplanen, men har gjennom året hatt to langtidssjukemeldingar som tidvis har redusert tenesteproduksjonen.

Tenesteproduksjon

Ansvar 280:

- Plan, byggesak og oppmåling
- Skogbruk og jordbruk
- Kommunale vegar
- Viltnemd/veterinær
- Teknisk leiar

Tenester

Plan, byggesak og oppmåling

Planlegging

Planprogram for «Detaljregulering med konsekvensutredning for fritidsbustader på Finse, g/bnr 38/13 m.fl.» 18.01.2019

Planprogram for reguleringsplan for fritidsbustader i Sjohagen/Øydvinstd, gnr. 47/19
13.03.2019

Melding om oppstart av planarbeid i Holmen 27.11.2019

Byggesaker

År	Heilårsbustader	Fritidsbustader	Andre bygg /tiltak
2016	4	8	22
2017	6	7	20
2018	9	8	24
2019	7	4	20

Av dette er det 0 nye heilårsbustader, 0 nye fritidsbustader, 5 nye leilegheiter og 0 nye driftsbygningar

Det er handsama 7 dispensasjonssaker i 2019.

Kart og oppmåling

Kart og oppmåling

Rekvirert/ vedtak	oppmålt	matrikkelført	Fakturert
2	1	0	1

Som ein ser av tabellane over, var 2019 et år med forholdsvis lav aktivitet, særleg innan kart og oppmåling. Dette har samanheng med endringar i administrasjonen i samband med avgang/pensjon.

Skog- og viltforvalting

Skogbruk

År	Hogst				Planting		Tilskot
	Total (m ³)	Sagtømmer (m ³)	Massevirke (m ³)	Total verdi (kr.)	Skogstre (stk.)	Juletre (stk.)	(kr.)
2019	2 518			1 032 192	25 000	-	33 603
2018	390	183	175+30*	146 426	5 900	200	21 496
2017	1 447	991	444	485 207	37 350	200	79 026
2016	13 268	8 208	4 861	4 382 094	59 650	-	153 350
2015	13 474	7 574	5 839	3 698 232	60 300	4 000	169 327

*Ved til brensel som er innrapportert virkesdatabasen.

I 2019 har aktiviteten i skogbruket begynt å ta seg litt opp att etter botnåret 2018. Granvirke utgjer no 94 % av hogstvolumet. Skogskade på grunn av ekstremt snøfall vinteren 2014-2015 medverka til auka aktivitet i perioden 2014-2016.

Hordaland har førebels gode tilskotsordningar for natur- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK), men framover må ein i større grad pårekna å finansiere tiltaka ved hjelp av avsett skogfond.

Viltforvaltning

År	Hjortejakt			Elgjakt			Fallvilt
	Kvote (stk.)	Felte dyr (stk.)	Felte dyr (%)	Kvote (stk.)	Felte dyr (stk.)	Felte dyr (%)	(stk.)
2019	115	97	84	6	1	17	3
2018	111	66	60	6	0	0	4
2017	110	91	83	5	0	0	2
2016	127	78	61	5	0	0	4
2015	127	79	62	5	1	20	12

Jaktarealet i Ulvik er fordelt på 1 elgvald og 4 hjortevald. Det teljande arealet utgjer om lag 115 km². Minstearealet er 1 000 dekar for hjort og 20 000 dekar elg, det same som hjå dei nærmeste nabokommunane. Dei 3 største hjortevald har bestandsplan, men elgvaldet og det minste hjortevald oppfyller ikkje lovas minstekrav til bestandsplan og får difor retta tildeling frå heradet. Regionalt bestandsplansamarbeid er føreslått og vurdert, men førebels er det ikkje oppslutning om dett på grunneigarsida.

Etter eit botnår i 2018, var det ny fellingsrekord i 2019-2020 (jaktsesongen vart forlenga ut januar). Det høge uttaket i 2019 kjem etter påtrykk frå sentrale myndighetar for auka jakttrykk og oppmoding/krav til halvering av hjorteviltbestandane samanlikna med 2016 nivået i kommunane rundt Nordfjella, med tanke på å redusere risikoen for spreiing av skrantesjuke. NINA (Norsk institutt for naturforsking) vurderer at Ulvik ligg bra an i høve til å nå målet – førebels best i klassen.

Skrantesjuke (CWD) er ei problemstilling som påverkar hjorteviltforvaltninga i stadig større grad. Dei siste 3 åra har me vert pålagt å ta prøver av alle felte vaksne dyr. Frå 2020 skal det og sendast inn underkjear for eksakt aldersbestemming av felte dyr.

Kommunale vegar

Heradsstyret vedtok 16.10.2019 ny Trafikksikringsplan for heradet. Av tiltak knytt til fylkesvegar er nytt fortau på nedsida av Fv572 Storøyni gitt 1. prioritet. Arbeidet med dette fortaprosjektet ble påbegynt i 2020.

På HST-møte den 06.11.2019 vart Handlingsplan på kommunale vegar, kaiar og bruer vedtatt. Som første prioritet er vurdert tiltak på Bergavegen. Dette er planlagt for perioden 2020-2021.

Natursteinsmur på Byrsevegen vart reparert, og delvis bygget på nytt. Samtidig vart nytt autovern satt opp. Asfaltering er planlagt gjennomført sommaren 2020.

I samband med oppføring av nytt høgdebasseng på Øydve, har heradet overtatt ein del av privat veg mellom Øydvevegen ok kommunalt anlegg. Denne vegen er ombygget og klar for asfaltering i 2020.

I samarbeid med Statkraft vart utskifta autovern på Osafjellsvegen.

Administrasjonen gjennomførte i september 2019 tilbodskonkurranse på brøyting og støing på kommunale vegar og plassar. De nye avtalene gjeld for neste fem år.

Det vart gjennomført asfalteringsarbeider på delar av det kommunale vegnettet i 2019.

Økonomisk status

Teneste	Teneste(T)	Rekneskap 2019	Budsjett 2019 vedtatt	Budsjett- justeringer 2019	Revidert budsjett 2019	Avvik i kr	Forbruk i %
1201	IKT	588	0	0	0	-588	0
1209	Adm. Fagområde	1 039 308	1 017 921	47 000	1 064 921	25613	98
1730	Premiefond	-65 110	0	0	0	65110	0
1901	Vaktm./vedlikehald	1 208	0	0	0	-1208	0
2220	Brakanes skule bygg	80	0	0	0	-80	0
3000	Bygningskontroll/tilsyn	-13 868	0	0	0	13868	0
3001	Geodata og oppmåling	460	0	0	0	-460	0
3002	Planarbeid	1 007	0	0	0	-1007	0
3010	Planarbeid	275 337	369 900	4 000	373 900	98563	74
3020	Bygningskontroll/tilsyn	303 562	-69 500	9 000	-60 500	-364062	-502
3030	Kart og oppmåling	560 220	508 700	7 000	515 700	-44520	109
3200	Komm. Næringsverksemد	-13 256	-57 232	0	-57 232	-43976	23
3250	Tilrettelegging næringsliv	3 084	0	0	0	-3084	0
3253	Tilrettelegging jordbruk	107 274	445 500	11 000	456 500	349226	23
3255	Tilrettelegging skogbruk	106 940	-72 200	15 000	-57 200	-164140	-187
3301	Havnevesen	17 003	0	0	0	-17003	0
3330	Kommunale vegar vinter	1 202 415	1 204 000	0	1 204 000	1585	100
3331	Kommunale vegar sommar	834 353	1 090 413	9 000	1 099 413	265060	76
3332	Kaianlegg	13 860	0	0	0	-13860	0
3333	Osafjellsvegen	-34 863	-65 000	0	-65 000	-30137	54
3340	Komm. Vegar/miljø/tr.sikring	-373 453	10 000	0	10 000	383453	-3735
3600	Miljøvern	-27 068	0	0	0	27068	0
3601	Vilt/fiske-forvaltning	-143 144	-153 000	0	-153 000	-9856	94
3801	Idrettsanlegg (andre)	153 122	0	0	0	-153122	0
3810	Idrettsanlegg (kommunale)	156	0	0	0	-156	0
280	Teknisk leiar	3 949 215	4 229 502	102 000	4 331 502	382287	91

281 – Brann

Oppfølging av økonomiplan

